

tips:
57 84 90 00
sms/mms:
fjt tips til 2399
epost:
fjt@fjt.no

kultur



Veteran Svein Bakke bidro også til utstillingen

Under åpningen av utstillingen om Tysklandsbrigaden på Måløyraidsenteret var det en veteran til stede som ikke ble nevnt i vår reportasje i avisa 8. september. – Svein Bakke fra Davik var også til stede. Han er veteran fra brigaden, og har bidratt med mye til utstillingen, sier leder i Veteranforeninga i Sogn og Fjordane, Reidar Høyset.



SUNNIVAFESTIVALEN 2020: Seminar ved Bymuseet i Bergen. Pilegrimsprest Kari Leine Balog vert intervjuet av seniorrådgjevar Ragna Sofie Grung Moe ved Bjørgvin bispedømme om Sunnivaleia frå Kinn til Selja. På skjermen ser ein bilete frå ei gudsteneste i Sunnivahola. BEGGE FOTO: SIRI KOLSETH

klart at det er ønske om å ta Stadlandet med i tilknytning til Sunnivaleia.

Det er også klart at ein ønskjer å sleppe unna noko av asfalten som i dag er på vegen ein vandrar.

Treng fleire medlemmer

På seminaret tok Leine Balog opp at det er arbeid som må gjerast med å lage trasear, og merke og vedlikehalde stiar på Sunnivaleia. Når stiane er lite brukte, vert det meir vedlikehald. Arbeidet har vore gjort av frivillige.

– Vi har bruk for fleire medlemmer i Pilegrimsfelleskapet Sankta Sunniva, seier Leine Balog.

●● I **Ervik** kjem du rett ut til det ville, grusomme og fantastiske havet. Du har all historia der og kyrkjegarden som ligg ut mot havet.

Kari Leine Balog

Sunnivaleia kan bli forlenga

– For meg har det vore ein draum heile tida å utvide vandringa og ta med Stad og **Ervik**, seier pilegrimsprest Kari Leine Balog, som presenterte Sunnivaleia på eit seminar på Sunnivafestivalen 2020 i **Bergen**.

På seminaret ved Bymuseet viste pilegrimspresten frå Måløy bilete frå Sunnivaleia, og fortalte om arbeidet med leia og om vandringane som går mellom **Kinn** og Selja. Ho sa at det kan kome på tale å vandre også på Stadlandet, der det vil vere godt å gå for pilegrimane.

– Det kan verte lagd inn to vandredagar dit, sa Kari Leine Balog.

Til verdas ende

Til Fjordenes Tidende seier Leine Balog at **Ervik** vil vere ein fantastisk flott plass som ein «verdas ende» for pilegrimmar til Selja. Det finst fleire «verdas ende» knytt til pilegrimsmål, slik som ved Santiago de Compostela, der ein kan reise vidare på det som heiter vegen til stjernene fram til Finisterre.

– I **Ervik** kjem du rett ut til det ville, grusomme og fantas-



PILEGRIMSPREST: Kari Leine Balog fortel om Sunnivaleia frå Kinn til Selja, og viser her bilete frå merking av stien til Oldeide.

tiske havet. Du har all historia der og kyrkjegarden som ligg ut mot havet. Staden eignar seg som ein verdas ende for pilegrimmar, seier Leine Balog.

Ho fortel at etter vandringa på Sunnivaleia i sommar var det ei ressursgruppe som dis-

kuterte korleis traseen skal vere og korleis ting kan gjerast vidare for leia.

– Dette er ikkje ferdig tenkt, seier Leine Balog.

Det vert eit møte i haust der ein skal diskutere ting meir gjennomgåande. Men det er

Ho tar opp at også andre enn pilegrimsfelleskapet gjerne må arrangere vandringar på Sunnivaleia.

– Dette kan både **kyrkjelydar** og andre gjere, og ein kan ta korte turar på ein del av strekninga. Leine Balog seier at ein fin **kyrkjelydstur** til dømes kan vere å gå pilegrimsleia frå Smørhamn til **Bremanger kyrkje**.

Kari Leine Balog, til dagleg vikarsokneprest i **Selje, Leikanger** og **Ervik**, har leia mykje av arbeidet med det som vart til den sju dagar lange vandringa over sjø og land på Sunnivaleia, og som i år gjekk for ellefte gang. På seminaret i **Bergen** vart ho omtalt som ei leiestjerne for **Bjørgvin bispedømme** i pilegrimsarbeidet og ein pioner på området, og ho vart overrekt blommar.

SIRI KOLSETH
fjt@fjt.no